



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar: 80a9c28a-aa36-4ad4-
b1eb-7da982c78299

Vår: 22/4438 - 22/59176

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

03.08.2022

Førehandsvarsel om pålegg om utskifting av fettutskiljar ved Manger Folkehøgskule - gbnr 445/105 Manger nedre

Anlegg: Fettutskiljar
Anleggsstad: Mangernesvegen 1 – GBNR 445/105
Anleggsseigar: Vestland Fylkeskommune

Førehandsvarsel gjeld fettutskiljar ved Manger Folkehøgskule – Mangernesvegen 1 – GBNR 445/105.

Alver kommune viser til innsendt dokumentasjon på fettutskiljar ved Manger Folkehøgskule – Mangernesvegen 1. Av innsendt dokumentasjon ser vi at anlegg ved skulen har for høg temperatur til at fett vert skilt ut i anlegget. Målt fettmengde i anlegg bekrefter at anlegg fungerer dårleg grunna for høg temperatur. Logging av temperatur er utført før og etter tømning av anlegg. Det betyr at maks temperatur i anlegg kan være høgare enn det loggen viser.

Ihht til opplysningane har anlegg ei størrelse på 0,9 m³. Dette tilsvarer et anlegg med størrelse NS 3 (3 liter/sek). Våtvolum i anlegg er 900 liter der lagringskapasitet for fett utgjør ca 120 liter (ca 14 % av anlegget sitt våtvolum).

Fylkeskommunen oppgitt at kjøkkenet nyttar følgjande utstyr: 3 stk konvektorovner m/avløp til utskiljar, 1 stk skyllekum med tappekran (grovkjøkken), 2 stk kokekar m/avløp til utskiljar, 1 stk oppvaskmaskin/steamer, samt fleire skyllekummer m/tappekraner (hovedkjøkken).

Ut i frå årsrapport for 2021 og dokumentasjon for 2022, ser vi at anlegg ikkje stettar kommunen sitt krav til påslipp. I driftsår 2021 er målt maks temperatur 32,8 °C mens det foreløpig i driftsår 2022 er registrert temperatur på 31°C. Tømmerapporter som er utført i 2021 og i 2022 viser at det er lite fett i anlegget. Loggene og målt fettlag i anlegg indikerer at anlegg ikkje fungerer slik det skal.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering av årsrapport og innsendt dokumentasjon ser vi at anlegg har for liten kapasitet til å handtere vassmengden som vert ført på anlegget. Avløpsvatn får for kort opphaldstid i anlegg til at fett kan avsetast i anlegget. Avløpsvatnet får ikkje tilstrekkeleg avkjøling.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Kommunen ser behov for å gje førehandsvarsele om pålegg om utskifting av anlegg.

Førehandsvarsel:

Førehandsvarsel vert gitt i samsvar med forvaltningslova § 16.

Før kommunen fatter vedtak, ber vi Vestland Fylkeskommune om uttale på førehandsvarselet.
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN